



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy	Kristine Skaiaa Born	
Arkivnr.:	16/179	Dokumentnr.:	16/1321

Forslag til vedtekter for Underutvalet for vilt og innlandsfiske

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det følger av «Reglement for formanskap og hovedutval for plan, landbruk og teknisk» punkt 2.7 a. 2. ledd at hovedutvalet kan nedsette et rådgjevande organ for saker innan vilt- og innlandsfiske. Utvalet er samansett av 3 politikarar og 3 medlemmer frå organisasjonar og lag. Radøy kommune har hatt eit slikt organ sidan 2000 og nedsatte 4/11/2015 eit nytt underutval for perioden 2016-2019. Utvalet har ein viktig rolle i forvaltninga av vilt, kompetanseheving hos jegerane, god jaktskikk og som bindeledd mellom administrasjonen og dei natur, jakt og friluftssinterreserte inbyggjarane i Radøy. Underutvalet jobber i dag på ein vel innarbeida sedvane og arrangerer 2 større møter kvart år.

Vedtekter vil gjere den administrative jobben rundt utvalet enklare og det vil klarere viktige forhold for medlemmane.

I 2015 vart administrasjonen oppmerksom på at Underutvalets medlemmer ikkje får møtegodtgjersle på linje med andre rådgjevande utval som t.d. eldrerådet og landbruksfagrådet. Det er forslag i § 4 at dei skal få dette, med ønske frå det nyleg avgåtte utvalet. Dette er eit viktig punkt som må avgjerast politisk.

Konklusjon

Det er sterk ønskeleg med fastsatte og klare vedtekter for underutvalet for vilt og innlandsfiske. Dette vil lette administrasjonen av utvalet og klargjere forventningar for medlemmane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene for Underutvalet for vilt og innlandsfiske vedtas.

